

NFU Hordaland  
v/Kai Esten Dale  
Omvikdalsvegen 51  
5464 Dimmelsvik

Hordaland Fylkeskommune  
Økonomi og organisasjonsavdelinga  
Pb 7900  
5020 Bergen

Hilland 4. april 2017

### **Høyringssvar på utkast til Temaplan «Likeverd i Hordaland Fylkeskommune»**

Norsk Forbund for Utviklingshemmede, Hordaland Fylkeslag vil kome med eit høyringssvar til planen.

#### ***Likeverd i Hordaland fylkeskommune***

HFK syner til at planen er forankra i ulike lover og retningslinjer.

- Her saknar vi forankring i «Konvensjonen om rettigheter for mennesker med nedsatt funksjonsevne», CRPD.
- Vi saknar og forankring i «NOU 2016:17 På lik linje» og Kaldheimutvalget sine forslag til 8 løft for å betre levekåra til personar med utviklingshemming.

#### ***Mål: HFK skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting***

- Transportmiddel: Vi ynskjer at det vert iverksett arbeid for eit felles billetteringssystem for all persontransport i Hordaland der ein kan nytte same elektroniske billett.

#### ***Mål: HFK skal legge til rette for fleire gode leveår for alle***

- Her er der fleire gode strategiar men vi ynskjer presisering på korleis ein kan hindra einsemd og god tilrettelegging på skular samt god opplæring av pedagogisk personale.
- Opplæringslova og diskrimineringslova gjev tydelege signal på at alle skal ha det same tilbodet når det gjeld opplæring. Vi ynskjer at HFK kjem med tydelege føringer på korleis menneske med nedsett funksjonevne skal få dei same valmogelegheitene som alle andre i vidaregåande opplæring. At alle skal høyra til i ein klasse, bli undervist av pedagogisk personale og at alle skal ha opplæringsmål som er forankra i dei ulike læreplanane.

#### ***Mål: HFK skal ha nulltoleranse for mobbing***

- Mange gode strategiar, vi likar godt strategien om at 20% av læreplassane i eigen organisasjons skal gå til lærlingar som treng tilpasningar.

- Det er viktig at HFK, dei vidaregåande skulane, ungdomsskulane og NAV samarbeider godt for å gje menneske med nedsett funksjonsevne eit realistisk og meiningsfullt undervisningsopplegg slik at fleire kan få plass som lærling og at lærekandidatordninga vert nytta fult ut.

***Mål: I KFK skal alle bli møtt med respekt, og mangfald skal bli sett på som ein ressurs***

- Likestilling mellom kjønn burde vere sjølvsagt, likestilling mellom ulike funksjonsnivå er vel så viktig.

**Sluttkommentar:** Planen er overordna og byggjer på ein del andre planar. Desse skal rullerast med jamne mellomrom og då er det viktig å hugse på at likeverd ikkje berre gjeld mellom kjønn, etnisk bakgrunn, seksuell orientering men og funksjonsevne.

Kaldheimutvalget har i «NOU 2016:17 På lik linje» fremja forslag til 8 løft som skal betra levekåra til personar med utviklingshemming. Desse løfta bør implementerast i det vidare arbeidet.

På vegne av styret i

NFU Hordaland

Evy Utne Knutsen